

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 121/2013

2013/EØS/67/20

av 14. juni 2013

om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonsavgjerd 2009/750/EF av 6. oktober 2009 om utforminga av den europeiske elektroniske bompengenesta og dei tilhøyrande tekniske aspekta⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XIII til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XIII til EØS-avtala etter nr. 18b (europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/52/EF) skal nytt nr. 18ba lyde:

"18ba. **32009 D 0750:** Kommisjonsavgjerd 2009/750/EF av 6. oktober 2009 om utforminga av den europeiske elektroniske bompengenesta og dei tilhøyrande tekniske aspekta (EUT L 268 av 13.10.2009, s. 11)."

Artikkel 2

Teksta til avgjerd 2009/750/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. juni 2013, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 14. juni 2013.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann

⁽¹⁾ TEU L 268 av 13.10.2009, s. 11.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Fellesfråsegn frå avtalepartane**I samband med avgjerd i EØS-komiteen nr. 121/2013 av 14. juni 2013 om innlemming av
kommisjonsavgjerd 2009/750/EF i EØS-avtala.**

”Avtalepartane godtek at med omsyn til den særlege situasjonen for Liechtenstein, det vesle vegnettet i staten samt det faktumet at Liechtenstein 1. januar 2001 innførte ei avgift for tunge køyretøy som bygger på ei bilateral avtale mellom Liechtenstein og Sveits, og som i medhald av tollunionsavtala med Sveits skal krevjast inn ved dei felles grensestasjonane, vert spørsmål om samverknadsevna til dei elektroniske bompengesystema i Liechtenstein handsama i nært samarbeid med Sveits.”